

(vedlegg 2 til tilsynsvarslet)

Utgreiing og dokumentasjon frå kommunen

Kontrollspørsmål

1. Utarbeider kommunen ein individuell plan som fastsetjast med enkeltvedtak?	Ja/Nei
1.1. Utarbeider kommunen ein skriftleg individuell plan som samla til eitt heilskapleg dokument?	
1.2. Ligg ein individuell plan som fyll minstekrava i lova og er utarbeidd av kommunen føre innan tre månader etter busetjing i kommunen, eller etter at krav om deltaking er framsett?	
1.3. Inngår den individuelle planen for opplæring i norsk og samfunnskunnskap som ein del av den individuelle planen for heile introduksjonsprogrammet?	
1.4. Samarbeider dei i kommunen som er ansvarleg for introduksjonsprogrammet (flyktningteneste/NAV/programrådgjevar) med dei som er ansvarleg for norskopplæringa (vaksenopplæringa/skulen/lærar)?	
1.5. Er innhaldet i den individuelle planen grunngjeve?	
1.6. Visast det i den individuelle planen til introduksjonslova § 6 og § 19 første ledd?	
1.7. Gjev kommunen deltakaren så snart som mogleg skriftleg underretting om fastsetjinga av den individuelle planen?	
1.8. Vert det opplyst om rett til å klage, klagefrist, klageinstans, den nærmere framgangsmåten ved klage og retten til å sjå dokumenter i saka?	

2. Er planen individuelt tilpassa og utarbeidd i samråd med deltakaren?	
2.1. Har kommunen gjennomført ei kartlegging av deltakarens kompetanse og opplæringsbehov?	
2.2. Har kommunen gitt deltakaren rettleiing om kva den individuelle planen er og kva som er formålet med planen?	
2.3. Er den individuelle planen utarbeidd i samråd med deltakaren?	
2.4. Vurderer kommunen i kvart enkelt tilfelle om det er naudsynt med tolk?	

2.5. Bruker kommunen tolk om det er naudsynt?	
2.6. Går deltakaren sine mål fram av den individuelle planen?	
2.7. Skiljast det mellom mål som ligg innanfor ramma av programmet, og dei som ligger lengre fram i tid?	
2.8. Inneheld planen både hovudmål og delmål?	
2.9. Viser planen kva framdrift som er forventa for dei ulike måla?	
2.10. Er måla i deltakaren sin individuelle plan i samsvar med introduksjonslova sitt formål og siktemål i § 4 første ledd om grunnleggjande dugleik i norsk, grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv og førebuing for deltaking i yrkeslivet?	
2.11. Er måla for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap fastset i samsvar med nivå, kompetansemål og emne som omtala i forskrifta om læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar?	
2.12. Har kommunen grunngjeve og dokumentert si avgjerd om programmet sitt innhold i den individuelle planen i tilfelle kor kommunen og deltakaren er usamd i innhaldet?	
3. Inneheld den individuelle planen starten på programmet, tidsfasar og ei oversikt over tiltaka i programmet?	
3.1. Går tidspunktet for starten og lengda på programmet fram av den individuelle planen?	
3.2. Er dei tre obligatoriske innhaldselementa norskopplæring, samfunnskunnskap og tiltak som førebur til vidare opplæring eller knytting til yrkeslivet med i den individuelle planen?	
3.3. Går det fram av den individuelle planen kva tid tiltaka skal gjennomførast (tidsfasar)?	
3.4. Går det fram av den individuelle planen kven som har ansvaret for å gjennomføre dei ulike tiltaka (ansvarstilhøve)?	
3.5. Går det fram av den individuelle planen korleis deltakaren skal få gjennomført pliktige timer i norsk og samfunnskunnskap etter § 17 innanfor ramma av programmet?	
4. Takast den individuelle planen opp til ny vurdering med jamne mellomrom og ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon?	
4.1. Følgjer kommunen opp deltakaren sin framgang i programmet?	

4.2. Følgjer kommunen opp deltakaren sin framgang i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap?	
4.3. Takast den individuelle planen opp til ny vurdering minst ein gong i halvåret?	
4.4. Takast den individuelle planen opp til ny vurdering ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon?	
4.5. Gjerast det ny vurdering både for planen for introduksjonsprogrammet og for planen for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap?	
4.6. Gjerast revideringar i planen i samråd med deltakar?	
5. Fastsetjast vesentlege endringar i den individuelle planen ved enkeltvedtak?	
5.1. Får deltakaren varsling på førehand og høve til å uttale seg før kommunen fastset vesentlege endringar i den individuelle planen?	
5.2. Gjerast vesentlege endringar i planen skriftleg (ev. får deltakar ny skriftleg plan)?	
5.3. Grunngjev kommunen avgjerda om vesentlege endringar i planen?	
5.4. Gjev kommunen deltakaren så snart som mogleg underretting om fastsetjinga av vesentlege endringar i den individuelle planen?	
5.5. Vert det ved rettleiinga om vesentlege endringar i den individuelle planen opplyst om klagerett, klagefrist, den nærmere framgangsmåte ved klage og retten til å sjå dokumenter i saka?	